



Stien startar og endar i det vidkjende Agatunet, det største freda klyngetunet i Noreg. Og før du set deg innatt i bilen kan du frå 10. mai til 20. august få med deg omvising i hus og tun, eller gå på kafe eller vandra rundt i det fredelege tunet før du reiser vidare.

The trail starts and ends in the famous Agatunet, the largest cluster of farm buildings in Norway, now listed. From the 10th of May to the 20th of August there are guided tours of the "Tun" and buildings, or you may enjoy a pleasant stroll on your own in historical surroundings. Before driving on you should consider a visit to the cafe for a local snack.



Aga/Nortveita.



Agatunet.

Foto: Willy Haraldsen

Rute og ymse av interesse

Terreng: Bilveg, sti og traktorveg. Først flatt, seinare bratt og kupert. Turen er helst krevjande og krev godt fottøy. Frå 30. oktober til ca. 1. juni **kan** turvegen vera rasfarleg når veret er dårleg (mykje nedbør).

Tid: Ca. 2 timar

Set bilen frå deg på parkeringsplassen til **Agatunet (1)**. Gå langs hovudvegen nordover. På nedsida av vegen ser ved du bekken (like nord for Agatunet) eit nyrestaurert kvernhusanlegg.

Me passerar også vegdele der det går veg ned til sjøen med bryggjer og naustrekke. Omlag der denne «sjoaldsvegen» tek av frå Rv550, låg Hermannshaug (2), ein stor gravhaug som vart bortriven under vegbygging. Ca. 250 meter lenger framme kjem me til eit høgt gjerde på venstre hand. Gjerdet er sett opp for å halda hjorten borte frå frukthagane.

Stien tar her opp til venstre, like på nordsida av dette gjerdet (3). Litt lenger nord ser ein gardshusa på Fjoringen (nærast) og Vikane. Desse tuna vart bygde opp etter at Aga-garden vart utskift i 1938.

Oppe ved berget kryssar ein den gamle Akstervegen (4). Namnet kjem av

Route and places of interest

Terrain: Paved road, footpath and tractor trail. Level to start with, then steep and broken country. A demanding walk in good shoes. There is danger of landslides in the period November-May, particularly after heavy rains.

Time: About 2 hours.

Park the car in the parking area at Agatunet (1), then go north along the main road. On the lower side of the road by the brook there is an old flour mill, recently restored.

There is a fork in the road a bit further on, and the branch to the right is an access road to jetties and rows of boathouses by the fjord. Near this junction was a great burial mound called Hermannshaug (2) (literally: "Herman's Hill"). Unfortunately this mound was levelled during road construction. After another 250 metres you will see an unusually tall fence on the left. It serves to keep the deer out of the orchards.

Near the north end of this fence the trail (3) turns off to the left. To the north you can see the buildings on Fjoringen (nearest) and Vikane farms. These were constructed in 1938 when strip farming was abandoned and



gamalnorsk; «aka» eller «gå». Denne gamle ferdslevegen var i bruk heilt fram til ny riksveg vart bygd ca. 1945. Me går opp trappa og vidare opp dei sørvendte skarva. Legg merke til den varmekjære vegetasjonen med store innslag av eik og hassel.

Stien går vidare opp i slåttemarka på Haustteigen (5) og så inn på den steinsatte, gamle vegen opp til husmannsplassen Nortveita. Her kan ein sjå eit godt døme på korleis ein bygde vegar i eldre tid. Vegen går opp Gryvlet og forbi ei gamal løe som no er restaurert.

Me kjem ut av krattskogen, passerar restar av ein løypestreng og kjem inn på bøane på Nortveita (6).

Her ligg to av dei 19 husmannsplassane som høyrde til Aga-garden. På den første står berre løa att. Stova som no er borte var samanbygd med løa.

Litt lenger nord ligg den andre plassen med løe og stovehus. Husa her vart restaurerte i 1995.

Plassane vart truleg bygde opp kring 1800, og det budde folk her i 1920-åra. Bøane vart slegne heilt til for få år sidan.

På Nortveita står det skilt som viser sti oppover til Stølen og Sjonarhaug. Nyt den fine utsikta over Sørfjorden. Turstien som me skal fylgja går no sørover, inn i skogen og opp i Nortveitskårane (7).

Me går gjennom ein liten lerkeskog (Kleive) og vidare inn i eit plantefelt av gran. I tidlegare tider var dette slåttemark. Granskogen opnar seg og me kjem fram på ei fjellhulle og ser Aga-garden i fulgleperspektiv. På andre sida av fjorden ser ein i nordaust Lofthus-bygda med «Kirken på tangen». Litt sørafor ligg Frøysnes, og i søraust Børve, Sekse og Hovland.

Me går innatt i granskogen og kjem fram på kanten av fjellhylla i Hankaskår (8). Her er godt utsyn, og du kan gle deg over det fine kulturlandskapet, Agatunet og Sørfjorden. Me passerar Hankaskorbekken (9) som kastar seg utfor fjellsidene både over og under stien. Bekken kan gå stri i regnver. Frå november til ca. 1. juni kan det vera fare for skred, noko naturen ber merke av.

I 1928 og 1940 gjekk det ras og flaum her som øydela mykje av innmarka sør for Agatunet. Det vart rydda mange tusen lass stein i åra etterpå.

Stien kjem så inn på dyrka mark, Brattestien (10) Med det same ein kjem ut av skogen kan ein ved sida av vegen sjå ein stein med **offergroper** (oldtidsfunn) Me fyl traktorvegen og passerar Storebekken (11). Langs denne bekken kjem den fårlegaste skreda ned mot Aga-garden. Traktorvegen møter så stølsvegen. Sjå skilt til Stølen og Sjonarhaug.

Men me går ned til Tveita (12). På sørsida av dette området gjekk det i 1993 eit flaumras (stein, vatn og jord) som tok 4 hus og øydela mykje innmark før det enda i fjorden. Alt er no rydda og oppattbygt.

Fyl så traktorvegen til du ser skilt Agatunet. Der svingar du ned den gamle støls- og utmarksstien som går gjennom Holskårane (13). Vil du har flott utsyn over alle helletaka på Agatunet, så ta ein avstikker bort i berget nord for stien. Ver varsam, gå ikkje for langt utpå.

Me ønskjer deg god tur!

Hugs:

Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.

Remember:

The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.

the small, intermingled parcels of the two farms were consolidated.

Closer to the mountain side the path crosses the old road Akstervegen (4). The name is from Old Norse and comes from "aka" or "walk". This old road was used until the new one was constructed in 1945. You climb the stairs here and proceed up the south-facing mountainside. Notice the lush vegetation with oak and hazel.

The trail soon reaches the grass fields at Haustteigen (5) and then joins the old cobblestone road to Nortveita, an old croft (small tenant farm). The road is an excellent example of old construction techniques. It goes past an old, restored hay barn and up to Gryvlet.

When leaving the brush forest you can see the remains of an old transportation cable, and soon you enter the fields at Nortveita (6). In the old days the Aga farm owned 19 crofts all told, and two of them are located here. On the nearest one only the barn is left; the house, which was attached to the barn, is gone. On the other croft just to the north, both buildings are intact. They were restored in 1995.

These crofts were probably established around 1800 and were occupied until the 1920's. The fields, however, were harvested until quite recently

At Nortveita there is a footpath posted to Stølen and Sjonarhaug. This is a good place for a rest and for taking in the magnificent view of Sørfjorden. From here the path continues southwards through forested landscape and up to Nortveitskårane (7).

Along the trail there is a small forest of larch trees which is unusual in Norway. Further on you pass through an area with fir trees. These are planted in old hay-fields that were abandoned years ago. Past the fir trees you reach open country and soon arrive on a broad ledge or shelf in the mountainside. From here you have a bird's-eye view of the Aga farms. On the other side of the fjord you can see the northern part of Lofthus with "Kirken på tangen" (The Church on the headland). To the south of the church you see Frøysnes and in the south east can be seen the settlements of Børve, Sekse and Hovland.

The trail re-enters the forest and emerges on the edge of the mountain shelf at Hankaskår (8). Here too the view is magnificent - a pleasing pastoral landscape at the Aga farms and Sørfjorden as far as you can see. Soon you cross Hankaskorbekken (9), which cascades down the mountainside both above and below the trail. This brook can carry a lot of water during rainfall, and from November through June there may be avalanches here. You can see the scars in the mountainside from earlier land- and rockslides.

In 1928 and 1940 great rockslides and floods destroyed much of the arable land south of the Aga farms. Thousands of tons of rock and gravel were removed during the following years.

The trail now enters farmland at Brattestien (10). Just when leaving the forest you can see a rock by the trail with ancient **offering pits** in its surface (Historical Monument). From here you follow the tractor road past Storebekken (11). This brook marks the path of the most dangerous landslides threatening the farms at Aga. The tractor road then joins the old trail to the mountain pastures and there are signs indicating the directions to Stølen and Sjonarhaug.

The trail descends to Tveita (12). Just to the south of this area, a great flood-slide (mixture of water, rock, soil and snow) destroyed four houses in 1993 and damaged large areas of farmland before entering the fjord. Everything is now rebuilt.

Follow the tractor road until you see the sign for Agatunet. Here you turn down the old mountain trail and proceed to Holskorane (13). *If you take a side-path to the mountainside north of the main trail you will get an excellent view of all the slate roofs at the Aga farms. Be careful, do not go near the edge.*

Have a good tour!